

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014

Natalie Golis (MDG) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Hordaland Fylkeskommune rår ifrå utbygging på Osafjellet.

Ein reduksjon i vassføring på i underkant av 4 % i Norddøla må sjåast i samanheng med alle tidligare reduksjonar av vassføringa. Nedbørsfeltet til Norddøla er frå før redusert med 44%, og vassføringa er redusert til om lag det halve. Den samla belastninga på Osavassdraget, jamfør Naturmangfaldlovas § 10, er difor svært betydeleg.»

Røysting

Golis sitt forslag fekk 2 røyster (MDG) og fall mot fylkesrådmannen sitt forslag som fekk 11 røyster.

Innstilling

Hordaland fylkeskommune rår til utbygging dersom følgjande krav vert innfridd:

1. Skade på sjøaure og laksestammen ved Osa/ Norddøla skal ikkje førekomme.
2. Tiltaket skal ikkje skape barrierar som fører til splitting av leveområde for villrein.
3. Inngrepa må, så langt som mogleg, gå i eitt med omgivnadene.
4. Inngrepa i det sårbare økosystemet i høgfjellet må avgrensast til eit absolutt minimum.
5. Det skal takast naudsynt omsyn til friluftslivet.
6. Det vil ikkje bli stilt krav om arkeologisk registrering då potensial for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som sers lågt.
7. Dersom det i samband med tiltaket vert avdekka automatisk freda kulturminne, må tiltak justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.